



DET KONGELEGE
SAMFERDSELSDEPARTEMENT

Statsråden

Ifølgje liste

Dykkar ref

Vår ref

Dato

19/1948-9

11. desember 2019

Tidsintervall for vurdering av måloppnåing i byvekstavtalane

Eg viser til at Samferdselsdepartementet, Kommunal- og moderniseringsdepartementet, Trøndelag fylkeskommune og kommunane Trondheim, Stjørdal, Malvik og Melhus i juni i år signerte ein byvekstavtale for perioden 2019-2029.

I byvekstavtalane er det lagt opp til at måloppnåinga skal skje innanfor avtaleperioden, og at alle partane har eit ansvar for dette gjennom porteføljestyringa. For å få til ei meir føreseieleg gjennomføring og handtering av nullvekstmålet inkludert tilgang til belønningsmidlar frå staten, legg eg til grunn at nullvekstmålet blir målt i eit treårs glidande snitt.

Dette inneber at måloppnåinga gjeld avtaleperioden sett under eitt. Partane skal gjere ei årleg vurdering av utviklinga gjennom porteføljestyringa. Målingane skal vurderast på eit tre års glidande snitt. Det skal vere netto nullvekst i perioden.

Endringane tas inn i tilleggsavtalen til byvekstavtalen for Trondheimsområdet.

Med helsing

Jon Georg Dale

Dokumentet er elektronisk signert og har difor ikkje handskreven signatur.

Kopi
Fylkesmannen i Trøndelag
Jernbanedirektoratet
Kommunal- og moderniseringsdepartementet
Vegdirektoratet

Adresseliste
Malvik kommune
Melhus kommune
Stjørdal kommune
Trondheim kommune
Trøndelag fylkeskommune